



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for samferdsle**

Møtedato: 30.05.2018

Sak nr.: 18/6333-2
Internt I.nr. 28635/18

Sak: 18/18

Tittel: **Ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskaia**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsel til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Intensjonsavtala om ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskaia i Florø vert godkjent slik den ligg føre.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere intensjonsavtala.

Endringsframlegg:

Framlegg til nytt punkt 2 frå Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne:

Fylkesutvalet er positiv til måla om bærekraft og miljø i intensjonsavtalen og tiltak slik samfunnsdelen i kommuneplanen skisserer.

Punkt 2 i fylkesrådmannen sitt framlegg vert då punkt 3.

Avrøyting:

Punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Framlegg til nytt punkt 2 frå Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne, vart vedteke mot 1 røyst, Noralv Distad, Høgre.

Punkt 3 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsel til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Intensjonsavtala om ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskaia i Florø vert godkjent slik den ligg føre.
2. Fylkesutvalet er positiv til måla om bærekraft og miljø i intensjonsavtala og tiltak slik samfunnsdelen i kommuneplanen skisserer.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere intensjonsavtala.